



Arkivnr: 2016/2024-2

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		02.06.2016
Fylkesutvalet		14.06.2016
Fylkestinget		14.06.2016

## Bygging av ny fylkesveg Åsen – Helleskaret i Os kommune

### Samandrag

I denne saka legg fylkesrådmannen fram forslag om bygging av ny fylkesveg frå Åsen i Endelausmarka til Helleskaret ved Lysefjorden i Os kommune. Den nye vegen vil gje Lysefjordområdet eit kortare, betre og tryggare vegsamband til E39 og Os.

Os kommune har store utbyggingsplanar av næring og bustader i området.

Øvrige fylkesvegar i området er dårlege og med mangelfullt tilbod til gåande og syklande.

E39-prosjektet har opsjon på bygging av fylkesvegen, men opsjonen må tingast innan 1.7.2016. Ved å bruka overskotsmassar frå E39-prosjektet vil prosjektet kunne realiserast på ein kostnadseffektiv måte.

Os kommune tar risikoen med å finansiera 2/3-delar av kostnaden ved bidrag frå utbyggjarar. Hordaland fylkeskommune sin del blir dermed 1/3-del, pluss meirverdiavgift og byggherreansvar.

Fylkesrådmannen meiner at nye fylkesvegprosjekt skal prioriterast gjennom Regional Transportplan-prosessen (RTP). Denne saka vert lagt fram eitt år før RTP fordi det er god samfunnsøkonomi i prosjektet; kostnaden for prosjektet er gunstig, og lokal finansiering utgjer 2/3-delar.

I tillegg kan fylkeskommunen eventuelt få innsparingar gjennom nedklassifisering og mindre behov for opprustning av eksisterande fylkesvegar.

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av fylkesvegprosjektet Åsen – Helleskaret i Os kommune og legg til grunn ein prosjektkostnad på 61 mill. kr inklusive mva.
2. Fylkestinget godkjenner at Os kommune dekkjer 2/3-delar (34,1 mill. 2016-kr) av prosjektkostnaden etter frådrag av meirverdiavgift. Fylkeskommunen står ansvarleg for eventuelle meirkostnader.  
  
Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Os kommune.
3. Fylkestinget legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til prosjektet i budsjettet for 2017, og eventuelt til budsjettendring for 2016.
4. Fylkestinget legg til grunn at deler av Fv 161 og/eller Fv 163 vert nedklassifisert til kommunal veg etter forslag frå Statens vegvesen.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*


## Fylkesrådmannen, 18.05.2016

### 1 Bakgrunn

Det vert vist til melding RS 35/2016 til utval for miljø og samferdsel, og RS 75/2016 til fylkesutvalet om *Eventuell bygging av ny fylkesveg Åsen – Helleskaret i Os kommune.*

Ny veg frå Åsen i Endelausmarka til Helleskaret ved Lysefjorden var opprinneleg ein del av E39-prosjektet, men vart tatt ut av prosjektet av kostnadsomsyn. I E39-prosjektet ligg no inne tilkobling fram til Fv 161 ved Åsen. Den nye vegen vil erstatta Fv 161 forbi Lyse Kloster og Fv 163 frå Buena til Søvik. Kurvatur og standard på desse er låg, som mange andre fylkesvegar. Tilbodet for gåande og syklande er dårleg.

Det er også ein kommunal veg (Søvikvegen eller Ole Bullsveg) frå Ulven til Søvik. Dette er ein kortare forbindelse til Lysefjorden frå Os/Åsen, men denne vegen har endå dårlegare standard enn fylkesvegen. Ifølgje Statens vegvesen bur det omlag 1500 personar i Drange, Søvik og Lysekløster i dag. Os kommune har store planar om utbygging av næring og bustader i området.



### 2 Os kommune – vekstkommune

Os er ein av kommunane med sterkast vekst i Hordaland. I 2005 var folketalet<sup>1</sup> omlag 15.000 innbyggjar, i 2015 over 19.000, i 2025 er det venta over 24.000 innbyggjar og i 2035 opp mot 30.000 innbyggjar.

Fylkesvegane i Os er for ein stor del smale og dårlege, og såleis lik ein stor del av fylkesvegnettet. I høve utbyggingar er det stort behov for opprustning av vegen generelt, og spesielt betre løysingar for gåande og syklande.

For tida byggjer Hordaland fylkeskommune gang- og sykkelveg og utbetring av Fv 158 Lepsøyvegen i Os. Os er ein av dei få store kommunane i Hordaland som ikkje har bompengeprojekt, og kan dermed ikkje samanliknast med vegstandarden der det er bompengeprojekt. Det er bompengar på ferja mellom Halhjem og Sandvikvåg (som går til Stord/Fitjar), og det blir bompengar mellom Os og Bergen når E39-prosjektet Svegatjørn – Rådal står ferdig.

<sup>1</sup> [http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/rapportar-pdf/hordaland-i-tal\\_nr1-2015\\_web\\_endelig.pdf](http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/rapportar-pdf/hordaland-i-tal_nr1-2015_web_endelig.pdf)

### 3 Os kommunestyre sitt vedtak 15/2015 – prioritering

I høve Bjånesutbygginga og rekkefølgjekrav for utbyggjar om opprustning av Fv 552 Hatvikvegen, gjorde Os kommunestyre følgjande vedtak i sak 15/2015:

Vedtak:

A. Os kommunestyre prioriterer følgjande fylkesvegprosjekt i Os kommune inn mot rullering av Regional Transportplan for Hordaland (2018-29);

Nr	Prosjekt	Føremål	Reguleringsstatus	Estimert kostnad inkl. mva
1	Fylkesvegarm Åsen – Helleskaret (knytt til E39)	Nytt fylkesveganlegg som følge av E39 Os-Bergen	Godkjent	50 mill
2	Hatvikvegen, parsell 1 (kryss Hegglandsdalen – Klyva)	Gang-/sykkelveg (rekkefølgjekrav), generell opprusting	Vert godkjent 2015	100 mill
3	Kryss Hatvikvegen – Valle bru (Hegglandsdalen)	Gang-/sykkelveg	Godkjent	25 mill
4	Sperrevik – Sørstraumen (Lysefjorden)	Gang-/sykkelveg (rekkefølgjekrav)	Godkjent	10 mill
5	Grindavoll – Lepsoy	Generell opprusting, ferdigstilling av heile strekningen		
6	Ulvensletta	Fullføring av gang- /sykkelveg Lidllager - Ådnadalen	Godkjent	20 mill
7	Hatvikvegen parsell 2 og 3 (Klyva – Hatvik ferjekai)	Gang-/sykkelveg, generell opprusting	Vert godkjent 2015	220 mill
8	Lysekloster ruinar - Buena kai	Mindre utviding av fylkesvegen	Ikkje reg.plan	
9	Rødsliane	Generell opprusting og rassikring av fylkesvegen frå Lønningdal til Rød.	Ikkje reg. plan	

Prosjekt 1 og 2 er særst viktige for realisering av større bustad- og næringsprosjekt i kommunen, og bør realiserast tidleg i planperioden. Prosjekt 1 Åsen - Helleskaret er prioritert fremfor Prosjekt 2 Hatvikveien, parsell 1 då Åsen - Helleskaret av samfunnsøkonomiske hensyn bør byggjast parallelt med tunneldrivinga på E39 Svevatjørn - Rådal i perioden 2016 - 18. Tunnelstein skal nyttast som fundament for fylkesvegarmen og direkte utlegging av massane vil redusera kostnadene med prosjektet monaleg. Om naudsynt vil Os kommune vurdere forskottering av kostnaden knytt til plassering av tunellmassane i fylkesvegtraseen.

### 4 Anslag ved Statens vegvesen for prosjektet Åsen – Helleskaret

Den nye vegen er planlagt med ei total breidde på 14 meter; køyrebane med skulder 7,5 meter, grøntareal 3 meter og gang- og sykkelveg på 3,5 meter. Dersom fylkestinget vedtek oppstart av prosjektet i juni 2016, vil prosjektet starta opp i 2017 og det er planlagt om lag tre års byggetid.

Statens vegvesen har i januar 2016 utført anslag for prosjektet. Åsen – Helleskaret har masseunderskot som kan dekkast av overskotsmassar frå E39-prosjektet. Delar av arbeidet ligg som ein opsjon i kontrakten på E39 med Veidekke. Anslaget føreset at vegane blir bygd samtidig.

Kalkyleresultatet viser ein P50-kostnad på 60,48 mill kr, og ein forventa kostnad på **61 mill kr inklusive mva.** (70% sannsynleg at kalkylen ligg mellom 54,43 mill. kr og 66,53 mill. kr).

Kalkylen består av desse elementa:

Element:	Mill kr
Veg i dagen	43,8
Konstruksjoner	4,6
Byggherrekostnader	5,6
Grunnerverv	1,0
Usikkerhetsfaktorer	6,0
Hendelser	0,0
<b>Total inkl. mva</b>	<b>61,0</b>
(-) herav mva	-10,0
<b>Netto ekskl. mva</b>	<b>51,0</b>

## 5 Tilleggsopplysingar frå Statens vegvesen om alternativ til vedtak i fylkestinget i juni 2016

SVV skriv i e-post til fylkeskommunen 17.03.16 følgjande:

«Vi må bestille opsjonen før 1. juli. For å kunne bestille opsjonen må:

- Tilgang til grunn være i orden. Det er et absolutt krav at vi må ha tilgang til all grunn på strekningen før vi kan bestille arbeidet. Hvis vi ikke får minnelige avtaler, er vi allerede for seint ute. Vi regner med å få minnelige avtaler eller arbeidsavtaler. Disse avtalene kan vi antagelig inngå med forbehold om finansiering slik at det ikke medfører utbetaling hvis prosjektet ikke gjennomføres. Det bør være stor sannsynlighet for at finansiering og dermed bygging blir vedtatt i juni for at vi inngår slike avtaler.
- Byggeplaner være ferdige. Vi trenger 2 til 3 måneder til prosjektering slik at dette må settes i gang umiddelbart etter påske. Det vil påløpe kostnader i størrelsesorden 2-3 millioner til dette.

Dersom det ikke blir avklaring før på junitinget er det flere mulige løsninger:

1. Vi forhandler med Veidekke om de aksepterer utsatt frist for bestilling av opsjonen.
2. Vi gjennomfører en egen konkurranse for prosjektet. I det tilfellet har vi ikke hånd om overskuddsstein da den disponeres av Veidekke og ligger på deres anleggsområde. Vi eller entreprenører som regner i konkurransen, må forhandle med Veidekke eller skaffe stein fra andre. Det er ikke realistisk å se for seg at det transporteres inn så mye stein på dagens vegnett. Steinen må derfor være overskuddsstein fra E39, Lyseparken eller andre utbyggingsområder som ligger inntil den nye fylkesvegen.

Prosjektet utsettes til Veidekke er ferdig, Os kommune eier steindeponiet og E39 er åpnet».

## 6 Møte mellom Os kommune og HFK 11. april 2016 – initiativ til spleiselag

Os kommune opplyste om at det er store utbyggingsplanar for området, både for næring og bustader, men at det så langt ikkje er inngått utbyggingsavtalar eller lagt rekkefølgekrav på utbyggjarar. For å kunna leggja fram sak til politisk handsaming i juni 2016, foreslo HFK at Os kommune burde søkja å finna lokal finansiering med minst 2/3.

Kommunen gjekk straks i dialog med utbyggjarane om medfinansiering av 2/3 av nettokostnad. Ut frå positive signal frå utbyggjarar la rådmannen fram sak for kommunestyret til møtet 18.05.16. Forslaget er at Os kommune forskotter og tek risikoen for 2/3 av netto kostnadsestimat, som utgjer 34,1 mill kr.

Dermed blir HFK sitt bidrag til prosjektet 1/3 – omlag 17 mill kr. I tillegg kjem meirverdiavgift som HFK får refundert, og risiko for meirkostnader ettersom HFK er byggherre.

### 7 Os kommunestyre 18. mai 2016 – vedtak i sak 40/2016 (vedlegg 1):

1. Os kommune forskoterer 2/3-del av prosjektkostnaden, kostnadsrekna til 34,1 mill 2016-kroner, for å realisera fylkesvegarmen Åsen-Helleskaret i perioden 2017-19. Os kommune føreset at Hordland fylkeskommune finansierer 1/3 av prosjektkostnaden og tek byggherreansvaret for prosjektet.

2. Rådmannen vil koma attende til konkret finansiering av forskoteringa når betalingsplan er avklåra og i samband med økonomiplan for perioden 2017-2020.

3. Os kommune inngår privatrettsleg avtale med alle heimelshavarar i området Åsen-Helleskaret som får løyst ut noverande eller framtidige utbyggingsområde gjennom fylkesvegprosjektet, basert på følgjande prinsipp:

- a) grunneigar/utbyggjar forpliktar seg til å yta eit bidrag på kr 40 000 pr. bueining til finansiering av fylkesvegarmen
- b) bidraget på kr 40 000 pr. bueining vert årleg justert med 3 mnd NIBR + 1,0%, og kjem til utbetaling til Os kommune ved godkjent rammeløyve for bustadprosjekta.
- c) avtalane vert tinglyst som hefte på grunneigedomane.

Rådmannen får fullmakt å forhandla fram endeleg avtale med heimelshavarane i tråd med desse prinsippa.

Vedtaket medfører at Os kommune tek risikoen på finansieringa. Kommunen har lagt til grunn om lag 850 bueiningar i reknestykket ( $40.000 * 850 = 34.000.000$ ).

Dersom talet på bueiningar<sup>2</sup> blir 1000-2000 på sikt, vil dette gi Os kommune bruttoinntekter på 40 til 80 millionar kroner. Sjølv med finansieringsutgifter vil dette gi eit betydeleg overskot, då inntektene er indeksregulert.

Os kommune ved rådmannen anslår grovt at det kan byggjast 200 bueiningar i året, men at talet på einingar ikkje vert høgare enn rundt 1500. Dette vil i så fall gi ei inntekt på 60 mill kr for kommunen, og eit overskot på om lag 26 mill kr (60-34).

Så langt fylkesrådmannen er kjent med, har denne modellen der kommunen er «bank» og kan få eit større overskot, ikkje vore brukt tidlegare. Modellen synest å vera konstruktiv og føreseieleg for utbyggjarane, og kan i nokre tilfelle fullt ut finansiera ny veg.

Fylkesrådmannen legg til grunn at det vert inngått ein avtale med Os kommune om prosjektet. Dei årlege verknadane på budsjettet vert å komma tilbake til.

### 8 Alternativ til Fylkestingvedtak om bygging i juni 2016

- 1) Tinga opsjonen med Veidekke på eit seinare tidspunkt
- 2) Ny konkurranse som fylkesvegprosjekt

Alt 1 – bestilla opsjonen hos Veidekke på eit seinare tidspunkt: Ifølgje Statens vegvesen sine opplysningar, etter møte med entreprenør Veidekke i mai 2016, vil det gå med omlag 4 mill kr ekstra om opsjonen ikkje vert tinga innan 1. juli 2016 (vedlegg 2).

Prosjektet kan då vurderast som ein del av RTP-prosessen.

---

<sup>2</sup> <http://www.midtsiden.no/kan-asen-helleskaret-loysast-pa-ein-annan-mate>

Alt 2 – ny konkurranse på eit seinare tidspunkt: I 2022 vil SVV få hand om overskotsmassane frå E39-prosjektet. Dersom det er lett tilgjengelege massar på eit tidlegare tidspunkt gjev dette også høve til realisering av prosjektet. Ekstrakostnaden er i så fall transport av massane, og eventuelt høgare riggekostnader. Ny konkurranse i Doffin kan gi både høgare og lågare kostnad.

Prosjekt blir då ein del av RTP-prosessen.

## 9 Konsekvensar for anna vegnett i området

Åsen – Helleskaret vil delvis avlasta Fv 161 og Fv 163 frå Åsen til Lysefjorden via Lyse Kloster. For HKF vil ei realisering av tiltaket kunna medføra at delar av fylkesvegen mellom Ulven og Lysefjorden kan nedklassifiserast til kommunal veg, og såleis få ei innsparing i driftsutgifter, mot tilsvarande auke hos Os kommune. Men før ei nedklassifisering må veggen normalt rustast opp.

## 10 Forholdet til Regional Transportplan

Fylkeskommunen si prioritering av fylkesvegprosjekt, utanom programområda, skjer gjennom Regional Transportplan med tilhøyrande handlingsprogram. Rullering av gjeldande RTP er starta opp, med sikte på vedtak av RTP 2018-2029 i fylkestinget i juni 2017. Fylkeskommunen ønskjer i sitt RTP-arbeid å foreta ei heilskapleg og overordna prioritering av aktuelle prosjekt i heile fylket.

Som grunnlagsdokument for neste RTP har Statens vegvesen utarbeidd seks strekningsvise utgreiingar for det overordna fylkesvegnettet. Fylkesrådmannen legg til grunn at dei prosjekta som skal bli prioritert i handlingsprogrammet gjeld det overordna fylkesvegnettet. RTP legg til grunn at det øvrige fylkesvegnettet i hovudsak får punktvisse utbetringar.

I tillegg til dette, er det også andre argument som gjer det vanskeleg å tilrå bygging av ein ny, øvrig fylkesveg:

- Gjeldsgrada til fylkeskommunen er svært høg etter mange år med høge investeringar. Dermed må det etter fylkesrådmannen sitt syn bli færre og mindre investeringsprosjekt i neste RTP-periode, og terskelen for å nå opp vil dermed bli høgare.
- Når det gjeld økonomiske rammer vil fylkesrådmannen også minna om to andre tilhøve: Vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet er stort, for framtida vil ein større del av midlane gå til standarhevingsmidlar (vedlikehald av investeringsmessig karakter). Vidare kan Tunnelsikkerhetsforskriften nemnast. Denne gjeld for fylkesvegar frå 2015, og vil i perioden fram til 2025 krevja vesentlege midlar, både statlege og fylkeskommunale, til lovpålagt opprustning av fylkesvegtunellane.
- Også når det gjeld prioritering mellom prosjekt i Os kommune vil fylkesrådmannen vurdere dei ulike prosjekta ut frå kriterium som ligg til grunn i RTP. Her kan spesielt nemnast Fv 552 Hatvikvegen, som er ein overordna fylkesveg med tildels høg og aukande trafikk og dårlege forhold for gåande og syklande. Statens vegvesen har grovrekna opprustning og gang- og sykkelveg for denne veggen til Hatvik til 320 mill kr.

## 11 Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen antar at samtidig bygging med E39-prosjektet er den mest kostnadseffektive måten å få realisert prosjektet Åsen – Helleskaret på. Det er isolert sett eit godt prosjekt som legg til rette for næringsutvikling og bustadutbygging i ein kommune med sterk vekst.

Fylkesrådmannen ønskjer primært prioriteringar gjennom RTP. Denne prosessen vil synleggjera at det er mange andre behov og ønskje i Os kommune.

Fylkesrådmannen ser det som positivt at Os kommune tek risikoen for 2/3-delar av netto kostnadsanslag. Modellen som Os kommune legg opp til med eit bidrag på kr 40.000 pr bustadeining er basert på eit forsiktig anslag med 850 bustader i området. Det er ikkje usannsynleg at talet på bustader over tid vert langt høgare. Fylkesrådmannen legg til grunn at det vert inngått ein avtale med Os kommune om finansieringa.

Nedklassifisering av øvrige fylkesvegar i området må sjåast i samanheng med prosjektet. Fylkesrådmannen meiner at dette også bør vera ein del av føresetnadane i avtalen.

Vedlegg 1: Vedtak i Os kommunestyre 18.05.16

Vedlegg 2: E-post frå Statens vegvesen om bestilling av opsjon etter 01.07.16